

MØTEREFERAT

| | |
|------------|---|
| Tema: | Regionkommune Sunnmøre - Restartsmøte |
| Dato/Sted | Storfjord Hotell, 10. november 2015 kl 09:30 til 12:00 |
| Møteleder: | Bjørn Sandnes, tidl. ordfører i Haram og avtroppende leiar av styringsgruppa |
| Referent: | Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd IKS |
| Fremmøtte: | Harry Valderhaug, Giske kommune, Ordfører Marit Elisabeth Larsen, Giske kommune, Rådmann Turid Hanken, Haram kommune, Rådmann Vebjørn Krogsæter, Haram kommune, Ordfører Arne Sandnes, Norddal kommune, Ordfører Tor Helge Stavdal, Norddal kommune, Rådmann Åse Kristin Ask Bakke, Sandøy kommune, Varaordfører Oddvar Myklebust, Sandøy kommune, Ordfører Kari Grindvik, Skodje kommune, Forhandlingsutval Terje Vadset, Skodje kommune, Forhandlingsutval Bente G. Vikhagen, Skodje kommune, Rådmann Eva Hove, Stordal kommune, Ordfører Anne Berit Løset, Stordal kommune, Rådmann Lars Joranger, Stordal kommune, Kommunereformkontakt Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune, Ordfører Kjartan Lied, Stranda kommune, Rådmann Jim Arve Røssevoll, Sula kommune, Ordfører Leon Aurdal, Sula kommune, Rådmann Jan Kåre Aurdal, Sunnmøre Regionråd, Dagleg leiar Erlend Krumsvik, Sunnmøre Regionråd, Rådgjevar Per Ivar Lied, Sunnmøre Regionråd, Rådgjevar Njell Hoftun, Sykkylven kommune, Kommunereformkontakt Odd Jostein Drotninghaug, Sykkylven kommune, Ordfører Einar Vik Arset, Ulstein kommune, Rådmann Knut Erik Engh, Ulstein kommune, Ordfører Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune, Rådmann Karen Simonnes Aanes, Ørskog kommune, Ordfører Tore Hals, Ålesund kommune, Kommunereformkontakt Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune, Ordfører Tore Johan Øvstebø, Ålesund kommune, Varaordfører Bjørn Sandnes, , Avtroppende leiar av styringsgruppa |
| Forfall: | Anders Riise, Hareid kommune, Ordfører Bent Arild Grytten, Hareid kommune, Rådmann |
| Vedlegg: | Presentasjon av Bjørn Sandnes-Regionkommune Sunnmøre restart.ppt |

1. Innleiing og presentasjon

Bjørn Sandnes innleia møtet, og gav ei orientering om kommunereforma og arbeidet med kommunereformprosjektet "Regionkommune Sunnmøre".

Jfr. vedlagt presentasjon, og vedlagt prosjektrapport.

2. Status om kommunereforma i deltakarkommunene.

Runde rundt bordet, der respektiv ordførar gav ei fem minutt orientering om status i kommunereforma i eiga kommune. Kort oppsummert nedanfor:

Giske kommune v/ordførar Harry Valderhaug:

Kommunestyrevedtak på regionkommunealternativet, alternativt eigen kommune. Kommunestyre vil følge opp dette i desember, og "fornye" oppdraget.

Stranda kommune v/ordførar Jan Ove Tryggestad:

Stranda kommune har fire alternativ, inkl. Regionkommune Sunnmøre. Det vil bli gjort rettningsval i løpet av desember, og regionkommune Sunnmøre framstår ikkje som det sterkaste alternativet per i dag.

Sykkylven kommune v/ordførar Odd Jostein Drotninghaug:

Dei jobbar med tre alternativ, der Regionkommune Sunnmøre er eit av alternativa. Rettningsvalet blir tatt i januar.

Ålesund kommune v/ordførar Eva Vinje Aurdal:

Gjort vedtak i september. Ålesund skal ikkje fortsette åleine, men ser at Regionkommune Sunnmøre er eit av alternativa. Byregionprosjektet legg også nokre tankar om reformarbeidet, men har ikkje låst dette alternativet for reformarbeidet.

Sula kommune v/ordførar Jim-Arve Røssevoll:

Sula kommune skal ta rettningsval i november, og ser at det er formålstenleg å bli med vidare i Regionkommune Sunnmøre for å kunne legge fram eit alternativ til å stå åleine. Folkeavrøystinga til våren.

Norddal kommune v/ordførar Arve Sandnes:

Kommuna har fire alternativ, inkl. nullalternativet. Det blir truleg gjort rettningsval eller innsnevring av mandatet i slutten av november. Regionkommune Sunnmøre står i dag svakt som vidare alternativ.

Sandøy kommune v/ordførar Oddvar Myklebust:

Kommuna kan ikkje klare seg åleine vidare, og ser på Regionkommune Sunnmøre som eit alternativ vidare. Dit Haram går dit går truleg Sandøy også.

Skodje kommune v/Kari Grindvik/Terje Vadset:

Kommuna er ferdig å utgreie alternativ, der Regionkommune sunnmøre er eit av vegvala vidare.

Ørskog kommune v/ordførar Karen Simonnes Aanes:

Kommuna har to alternativ, der Regionkommune Sunnmøre er eit av alternativa. Nullalternativet er ikkje aktuelt. Det vil vere rettningsval i november. Forhandlingsutval er oppnemnt.

Haram kommune v/ordfører Vebjørn Krogsæter:

Det primære valet er Regionkommune Sunnmøre, men også open for ei mindre kommune rundt Ålesund.

Stordal kommune v/ordfører Eva Hole:

Kommuna har utgreidd fire alternativ, deriblant regionkommune Sunnmøre er eit alternativ vidare. Det blir gjort rettningsval i januar.

Ulstein kommune v/ordfører Knut Erik Engh:

Ytre Søre Sunnmøre er eit primæralternativ, med muligheit for Ørsta/Volda. Det nye kommunestyret skal ta stilling til om Regionkommune Sunnmøre er eit alternativ vidare.

Hareid kommune:

Ingen tilstade for å orientere.

3. Vegen vidare

Det er omforeint å etablere ei "Sonderingsgruppe" for arbeidet vidare, som har levetid fram til forhandlingane om intensjonsavtalane tek til.

Dei kommunane som var med i utgreiinga er med som deltakarar, og blir med så lenge dette er i tråd med rettningsvala til kommunene. Det er også opning for å ta med andre kommunar som gjer rettningsval med Ålesund som by.

Leiar og nestleiar av sonderingsgruppa:

Eva Vinje Aurdal, ordfører i Ålesund kommune, er valt som leiar
Dag Olav Tennfjord, ordfører i Skodje kommune, nestleiar

Koordinerande gruppe er vidareført:

Bente Glomset Vikhagen, rådmann i Skodje kommune
Turid Hanken, rådmann i Haram kommune
Tore Hals, kommunereformkontakt i Ålesund kommune
Erlend Krumsvik, rådgjevar i Sunnmøre Regionråd IKS

Innkalling til møter blir sendt ut på Outlook.

Møtet slutt 12:00